




Referat

Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg

Møte: Møte 4-2017
Dato/tid: 31.aug kl. 12 - 17(18)
Stad: Kjelstraumen Brygge, Austrheim
Til stades: Olav Mongstad, Oddvin Neset, Helge Kvam, Mette Fauskanger, Ingebjørg Søreide, Helga I Ellingsen, Nina Kvamme, Oddvin Neset, Leni Dale og Anne Hildegunn Færøy
Ikkje møtt: Grete Herøy
Møteleiar: Helga I Ellingsen
Referent: Anne Hildegunn Færøy
Saksliste:

Saksnr	Saker	VOD
24/17	Godkjenning av innkalling og saksliste Innkalling og saksliste godkjent utan merknader	V
25/17	Godkjenning av referat frå Møte 3-2017, 15.mai Referat godkjent utan merknader	V
26/17	<p>Legevakta/ØHD</p> <p>- orientering om tilsetting av nye overlegar og legevaktsjef. Legevakta/ØHD</p> <p>Leni Dale orienterte om at overlege ved sengeposten har siste arbeidsdag 31.august. Stillinga har vert lyst ut. 2 søkjarar har vert til intervju og fått tilbod om hhv 60% og 40% stilling. Det vart orientert om at begge munnleg har takka ja og kan starte opp i løpet av sept.når det formelle er på plass,(muligens ikkje før 1. oktober.) Dette inneber at døgnposten manglar overlege i september og derfor ikkje har nødvendig kompetanse tilgjengeleg i perioden. Konsekvensen av dette vil vera at det ikkje vil vere mulig å legge inn pasientar på sengeposten i september.</p> <p>Lindås kommune vil sende orientering om dette til Haraldsplass Diakonale Sjukehus og til samarbeidskommunane, inkl. alle fastlegar.</p> <p>Vidare vart det orientert om at Pia Kloster sluttar som legevaktsjef 31.august, då arbeidsavtalen hennar går ut.</p> <p>Det er førebels gjort avtale med lege Dag Brochmann om arbeid ved NLV i 3 veker .Som ei mellombels løysing vil han ha det medisinskfaglege ansvaret og Leni Dale det administrative. Rådmannen i Lindås skal ha møte med Pia Kloster og Dag Brochmann 1.september. Det vert arbeidd med å finna ei løysing for korleis legevaktansvaret skal ivaretakast frametter. Leni Dale kunne ikkje gje noko tidspunkt for kor tid legevaktsjefstillinga vert lyst ut.</p> <p>Kommunalsjefgruppa ber om å verta halden orientert om arbeidet med tilsetting av ny legevaktsjef.</p> <p>Det vart vidare vist til at Fagrådet for kommuneoverlegar har drøfta korleis kommunane best kan utvikla tenestene knytt til legevakt og kommunale øyeblikkelig hjelp døgnplassar (ØHD), og at det er sendt ein førespurnad til Lindås kommune og administrativ nemnd der dei viser til at det er behov for å starta ei utgreiing om framtidig behov for døgnbaserte tenester, kompetanse- og personellbehov.</p> <p>Utval for helse og omsorg(Helseutvalet) er orientert om dette og har gitt si støtte til fagrådet og at ein førespurnad om ei slik utgreiing vert sendt til rådmann i Lindås kommune og leiar for Administrativ nemnd for vidare vurdering og oppfølging.</p> <p>Det er semje om at dette må bli eit tema på neste møte i Administrativ nemnd.</p> <p>Konklusjon:</p> <p>Lindås kommune ved rådmann sender orientering til samarbeidspartane om ovannemnte endringar ved ØHD. Leni Dale sender ei orientering til kommunane ved kommunalsjefgruppa</p>	O

	når ho veit noko meir om legevaktsjefstillinga.	
27/17	<p>Open time</p> <ul style="list-style-type: none"> • Mobilt rtg. - HDS har kalla kommunane inn til møte. Leni spør kven som deltar på dette frå dei aktuelle kommunane. Dei fleste meldte at det er leiar for sjukeheimstenesta som deltar på dette møte. • Anskaffelsestrategi for nytt dokumentasjonssystem i PLO -pasientjournal og sakshandsaming. Det er planlagt eit dialogmøte med alle kommunane saman med programvareleverandørar. • Kompensasjon til beredskaps- og kriseteam. Helge spør korleis rutineane er i dei andre kommunane. I dei fleste kommunane er det leiarar som står på ei vaktliste, utan at dei får anna kompensasjon enn at det vert gitt overtidsbetaling ved utrykking. • Interkommunalt samarbeid etter endra kommunestruktur. Det vart stilt spørsmål ved om det er planlagt endringar når det gjeld interkommunalt samarbeid om tenester som er i drift. Er det samarbeid som den nye kommunen vurderer å sei opp og ivareta på eiga hand? Gruppa er samd i at dersom det er interkommunale samarbeidsordningar som er innunder ansvarsfeltet til denne gruppa, så bør ein ha opne prosessar og god dialog, og sikre at dei alle samarbeidskommunane vert informert i god tid dersom det skjer endringar. 	
28/17	<p>Invitasjon til å gje innspel - gjennomgang av tvangsreglene i helse- og omsorgssektoren (Tvangslovutvalget)</p> <p>Kommunane fekk i juni 2017 invitasjon til å komma med synspunkt/innspel til <i>Tvangslovutvalet</i> sin gjennomgang av tvangsreglane i Helse- og omsorgssektoren saman med mandat for arbeidet. Frist for å komma med innspel til utvalet er sett til 1. oktober 2017. Med bakgrunn i dette vart det sendt ein førespurnad til Nettverket for PU, der gruppa vart bedt om å vurdere behov for endringar i regelverket og komme med eventuelle synspunkt/innspel til punkt i regelverket som i særleg grad er knytt til PU tenesta. Nettverket har ikkje respondert på førespurnaden.</p> <p>Drøfting: Helga spør om dette må sjåast i samanheng med innføring og bruk av Velferdsteknologi, og gruppa vil be om innspel til dette frå leiar for PU tenesta i Lindås</p> <p>Konklusjon: Leni sender førespurnaden til einingsleiar for funksjonshemma i LKL, Bent om innspel til denne høyringa og melder tilbake til gruppa når dersom ho får innspel innan fristen.</p>	D
29/17	<p>Velferdsteknologiprojektet</p> <p>- Status for projektet</p> <p>Projektet er no godkjent og tatt opp i det nasjonale Velferdsteknologiprogrammet og har mottatt tilskot som gjer at det kan tilsettast projekteleiar og projektmedarbeidarar til planlegging og implementering i alle kommunane.</p> <p>Stilling som projekteleiar i 100% og projektmedarbeidarar, 2 stk. i 50 % er utlyst, og det er gjennomført intervju og aktuelle kandidatar har fått tilbod om stilling.</p> <p>For å gje brei informasjon om projektet er det planlagt ein konferanse om Velferdsteknologi 7. november. Alle samarbeidskommunane som deltar i programmet vert invitert. Målgruppa er politikarar i ulike råd og utval, tillitsvalde, adm.leiarnivå i kommunen og evt. frivillige lag og organisasjonar.</p> <p>Vidar er det er planlagt for å gje ei status oppdatering til Helseutvalet og Regionrådet, samt orientering om projektet til Samarbeidsutvalet for NH.</p>	O
30/17	<p>Brannførebygging i PLO - avtale mellom NGIB og kommunane</p> <p>Mette Fauskanger har stilt spørsmål ved inngåing av avtalen som er sendt til kommunane frå NGIB. Ho viser til at brannsjefane i liten grad er orientert og involvert i arbeidet med denne</p>	D

	<p>avtalen og heimebasert omsorg er skeptisk til ein slik avtale.</p> <p>Leni dale viser til at Lindås kommune har hatt slik avtale i lengre tid og at vurdering av brannrisiko er ein del av den vurderinga som vert gjort hos hjelpetrengande elles.</p> <p>Masfjorden har i samarbeid med NGIB sett på avtalen, gjort nokre endringar og laga ein ny versjon som er signert. Helga sender denne versjonen til alle.</p>	
31/17	<p>Handlingsplan 2016/2017</p> <p>Gjennomgang og statusoppdatering for tiltaka</p> <p>Saka er utsett til neste møte.</p>	D/V
32/17	<p>Referat frå andre utval, nettverk, fagråd</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fagrådet for kommuneoverlegar - 27. - 28.april • Samarbeidsutvalet for NH - 23.mai • Utval for helse og omsorg - 19.mai <div style="display: flex; justify-content: space-around; align-items: flex-start; margin-top: 10px;"> <div style="text-align: center;">  Referat fra møte i </div> <div style="text-align: center;">  Møte 2-2017 </div> <div style="text-align: center;">  Møte 2 - 2017 Utval </div> </div> <p>Referat for kommunecReferat_Samarbeidsfor helse og omsorg p</p> <p>Referata er tatt til orientering.</p>	O
33/17	<p>Meldingssaker / eventuelt</p> <p>Leiar for samarbeidsutvalet i NH har bedt Kommunalsjefgruppa vurdere om ein frå gruppa kan representere kommunane i arbeidet med revisjon av Tenesteavtale 8 - <i>Samhandling innan svangerskaps- fødsels- og barselomsorga.</i></p> <p>Konklusjon:</p> <p>Olav Mongstad seier seg villig til å delta i dette arbeidet. Anne Hildegunn Færøy sender melding til leiar og sekretariatet, samt sender informasjon og dokument som er sendt til resten av arbeidsgruppa.</p>	